

Vil du strikka vottar til juletre?

Rosendingane som marknadsførde votteprosjektet i Uskedalen var Marianne Hovda Gausvik og Ann-Helen Langmo (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rosendingane har allereia starta planleggjinga av neste jul og i dag var dei i Gamleskulen i Uskedalen og marknadsførde eit originalt prosjekt: Strikking av vottar i ymse grønfargar som tilslutt skal verta eit stort juletre.

Det skal bli 3 meter høgt og plasserast i Varehuset i Rosendal.



Vottetre i Kongsberg -

Det er ikkje vår ide, vi har henta han frå Kongsberg, opplyste dei to frå Jul i Rosendal og presenterte oppskrifta i Cafe Tlaren. Fleire melde seg straks som vottestrikkarar og innleveringsstad for vottane her i bygda er Gros Blomster.

Krava ved sida av ein grønfarge er ikkje strenge. Vottane kan vera både med mønster og einsfarga, tova eller utova men gjerne pynta.

Etterat treet har gjort sin misjon utover hausten og under Jul i Rosendal 30. november og .

1. desember blir vottane ei gåve til nokon som treng dei utan at dei er definerte førebels.

Målet er 220 par og leveransen kan skje så snart som mogeleg

Av Ola Matti Mathisen